

Byggesak 177/21 sak 14/2474

I vurderinga som vart gjort i samband med førehandskonferanse når det gjalt bygging av bustadhus på gbnr177/21 vart det frå landbruk stilt følgjande krav:

Ein kunne tilrå disp frå LNF om vegtilkomsten til tomten kom inn frå nordvest og ikkje frå området rundt driftsbygningen. Det vert rekna som ei ulempe både av drift og miljømessige omsyn at driftsbygningar og frittliggande bustader har same tilkomstveg, då dette vert rekna som ei ulempe for alle partar og kan lett føra til konfliktsituasjonar.

Vegen vart då lagt inn som synt i søknaden men då den vil gå over dyrka jord, krevst det eit lyve etter jordlova.

§ 9. Bruk av dyrka og dyrkbar jord

Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon.

Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.

Samtykke til omdisponering kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla lova skal fremja.

Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett igang innan tre år etter at vedtaket er gjort.

Departementet kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk vert tekne bort.

Arealet som går med til veggrunn av dyrka jord er så pass lite at det knapt er pårekeleg og ein kan ikkje sjå at det er noko anna løysing for tilkomst til denne tomten som er betre ut frå landbruksomsyn.

Vedtaket:

Med heimel i jordlova § 9 vert det gjeve løyve til å omdiponera ca 200 m² dyrka jord på gbnr 177/6, der føremålet er tilkomstveg til gbnr 177/21.

Om tiltaket ikkje er gjennomført innan 3 år fell løyvet bort